

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.cow.no>

Meland kommune
v/Marius Knudsen

Dykkar ref.:
Vår ref.: BJS

Dato. 23.06.2015

Gjeld dispensasjon fra motorbruk i Rylansvassdraget

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

Grunneigarlaget utfører tynningsfiske i Rylandsvassdraget - dette for å forbetra røyebestanden. Det er Arnt Brakstad som fiskar aktivt med garn og ruse i Storavatnet, og han fiskar i snitt bortimot 400kg pr år.

Frå 2000-2005 fiska vi aktivt med garn i Rylandsvatnet, og fiska ut om lag 140kg pr år. Dette tynningsfiske ønsker me no å sette i gong att.

Det er i dette høve nødvendig å kunne nytte påhengsmotor.

Det vert utarbeidd fangstresultat for kvart år.

I Storavatnet og Bjørndalsvatnet har grunneigarane høve til å gje andre løyve til bruk av motor i næringsamheng. Midtre Holsnøy Grunneigarlag ser det som naturleg at Arnt Brakstad får nytta påhengsmotor i Storavatnet i høve tynningsfiske.

I Rylandsvatnet er det ikkje tillate med motor på båt. Midtre Holsnøy Grunneigarlag søker med dette om dispensasjon til å bruke båt med motor i Rylandsvatnet frå no og ut 2015. Det er hovudsakleg Bjørn Inge Tornes som skal utføre tynningsfiske og han nyttar elektrisk motor.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit
Leiar

Vedlegg:
Avtale med Arnt Brakstad
Avtale med Bjørn I Tornes
Legg og ved vår infofaldar.

Laget si heimeside: <http://www.grunneigarlaget.cow.no>